



ÅRSMELDING FOR 2013

Seniornett Førde er ein ideell og politisk nøytral interesseorganisasjon for seniorar, 60 år, som vil lære seg å bruke IKT-tenester. Medlemmane kjem frå Førde og nabokommunar. Klubben vart etablert i 2009 og er drifta som ein sjøleigande og sjølvstyrt eining knytt til Frivillighetssentralen i Førde. Kvar person må sjølv melde seg inn i organisasjonen Seniornett Førde og pr 31.12.2013 er vi 63 medlemmer. Seniornett Førde er medlem i Seniornett Norge.

Styret si samansetning

Leiar: Sidsel Gråberg (1 år)
 Styremedlem
 og kasserar: Hildegunn Nore (1 år)
 Styremedlem
 og skrivar: Bjørg J. Helle (2 år)
 Varamedlem: Hildur Smådal (1 år)

Revisor Lars Sæterdal (1 år)

Valnemnd

Leiar: Lars Sæterdal (1 år)
 Medlemmer: Martha Espeland (2 år)
 Mari Fleten (1 år)
 Varamedlem: Ellaug Haugum (1 år)

Faste medlemmer i styret

Monrad Kolstad og Egil Nestande er våre faste instruktørar.

I tillegg var Monrad Kolstad klubben sin utsending til Seniornett Norge sitt årsmøte i 2013.

Styret sine aktivitetar

- Det er gjennomført 8 styremøte og er behandla 39 saker.
- Det er gjennomført 2 informasjonsmøte om kurs i haust til nybegynnarar og til vidarekomne.
- Vi laga julefest og vårfest.
 I høve jule- og våravslutninga har vi arrangert felles hyggedag for alle gruppene med god mat, quiz, musikk og dans i underetasjen på Brunosten, der både gamle og nye medlemmer har vore med.
- **Haut 2013** Seniornett Norge v/Joop Cuppen
 Tema: fjernsupport bl.a. frå Seniornett Norge
- Samarbeid med Førde Bibliotek: Surfedag: Dingser og duppeditter!
- 2 Internettkafemøte:
Haut 2013 Sparebanken i S&Fj med følgjande tema:
 Kortsikkerheit v/Dagfinn Nyhammer
 Sikkerheit i Nettbank v/Per Magne Hervik
 Nye påloggingsmetodar i nettbank v/Per Magne Hervik
 Mobilbank v/ Per Magne Hervik
 Nettbank - meir enn betaling og overføring v/ Dagfinn Nyhammer
- **Haut 2013** Eldrerådet i Førde fekk kurs i nettbrett
- **Vår 2014** Firda v/ redaktør Yngve Årdal som viste og forklarte Firda på sosiale medier som Facebook, Twitter m.m.

Vi har gode undervisningslokale i 2.etasje, Hafstadvn 10 i Førde sentrum. I 1.etasje har vi medlemsmøta våre i eit stort og brukande lokale. På medlemsmøta er vi ca 50 oppmøtte.

KURS: Organisering og undervisning v/ instruktørane Monrad Kolstad og Egil Nestande

Etter ønskje frå fleire organiserte vi i vårsemesteret eit spesialkurs i slektsgransking. Heile 19 personar melde seg til dette kurset, og vi fekk Ståle Sørbotten som kursleiar. Han har drive slektsgransking i fleire år, og ga deltakarane ei innføring i det norske slektsprogrammet Embla (<http://www.embla.no>). Vidare fekk deltakarane informasjon og tips om kjelder der dei kan finne opplysningar om sine slektningar, for eks. Fylkesarkivet, skanna kyrkjebøker osv.

For dei faste gruppene på torsdagar og fredagar har vi lagt mest vekt på repetisjon av det viktigaste: Søke på Internett, bruke e-post, bruk av nettbank, m.m., men gjerne med noko nytt eller ein litt annan vri frå veke til veke. Litt spesielle og gjerne artige ting har dukka opp innimellom, for eks. «Kjører du riktig i rundkjøring?».

Eit oppslag i Firda med bilde av bilen til Magnus etter hjortepåkøyrse, ga oss høve til å øve ekstra på å laste ned bilde frå nettet og i tillegg lære å ta ut enkeltbilde/ «beskjære» eit samansett bilde.

Som tidlegare år har vi også dette året repetert og jobba mykje med:

Internett:

Søkje på Internett etter telefonnummer, arrangement, rutetider, matoppskrifter, lese aviser, kommunalt nytt, kjøpe kino- og teaterbilletter. Bestille fly- og reisebilletter m.m. og Finn.no. Bruke Nettbank og oppdatering av Java. (Virusbeskyttaren på bankkontoen vår) Skrive og sende SMSmeldingar på pc. Nokre har og prøvd seg på Google Earth, for å sjå eige hus på internett.

Tekstbehandling:

Skrive brev, men mest med redigering av tekst. Hente og bruke bilde i tekstdokument. Skrive jule-påske-kort-helsingar med innlegging av eigne bilde og andre motiv. Nytt i år har vore å lage eigne visittkort med bilde av seg sjølv med flott utforming. Lagring av dokument i mapper og filer. Også dette året har vi jobba med å laste ned osteiskaka med jordbær frå internett for deretter å lagre den, redigert, som ei tekstfil i Word 2010.

E-post

Bruke, sende og motta E-post med og utan vedlegg

Bilde og foto

Hente og lagre bilde på pc frå fotoapparat og eller frå mobiltelefon. Bildebehandling, forstørring, forminsking, beskjæring av bilde m.m.

Mobiltelefon

Øvde litt på bruk av mobiltelefon med oppsett av konferansesamtaler, der fleire kunne snakke på same tid. Dei fleste hadde ikkje prøvd dette tidlegare.

Musikknedlasting og nettbok (Bokhylla.no)

Mange av deltakarane har på samlingane ved Førde Bibliotek lasta ned musikkprogrammet frå Spotify og bøker frå Bokhylla.no m.m

Datamaskin

Forstå datauttrykk

Tømme logg, diskopprydding og søkje etter dokument.

Slette og legge inn ny programvare.

Bruke minnepenn, lagring og henting av filer.

Litt rettleiing i kjøp av datamaskin, skrivar og programvare m.m.

Undervisningsmateriale

Også i år har vi for nokre arbeidsoppgåver laga eit skriftleg oppsett til deltakarane, der dei får detaljert hjelp til korleis dei skal gå fram. Dette saman med Seniornettavisa har vore til stor hjelp for mange. Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike.

Sosialt opplegg

Alle gruppene har på kvar samling ein felles halvtime kaffipause i sofagruppa ute i gangen/hallen. Også i år har vi hatt ordninga med at ein av deltakarane tek med seg heimebakst eller andre godsaker til kaffien, på omgang. Kaffi/te vert koka på minikjøkkenet på Brunosten. Det sosiale er viktig for oss.



STYRET:

Monrad og Egil
Instruktørane

Sidsel og Bjørg
leiar og skrivar

Hildegunn og Hildur
kasserar og varamedlem